

1. Miljøprogram 2015

Fylkestinget vedtok 9. desember 2014 å sette av 761 000 kr til miljøprogram i 2015. Etter vedtak i Fylkesutvalet var kr 200 000 øyremerka tilskot til miljøorganisasjonar med fylkeslag. Kr 100 000 var sett av til Miljøpris for Hordaland og dei resterande kr 461 000 var att til lokal innsats for klima og miljø. Forbruk på posten vart i 2015 som følgjande:

Miljøpris	58.452 kr
Miljøorganisasjonar med fylkeslag	200.000 kr
Lokale klima- og miljøtiltak	514.700 kr
Sum	773.152 kr

1.1. Miljøprisen 2014

Prisvinnar for 2014, som vart kåra i 2015, var Marine Clean Tech. Prisen var på 50.000 kr og vart delt ut på fylkestinget i mars 2015.

1.2. Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag

Under posten 716.1 Miljø i fylkesbudsjettet vart det i 2012 øyremerk ein sum med føremål «støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag». I 2015 var det sett av 200.000 kr til dette føremålet.

Totalt vart det løyvd 250.000 kr til miljøorganisasjonar, fordelt på følgjande måte:

Naturvernforbundet Hordaland	100.000 kr
Forum for natur og friluftsliv Hordaland	25.000 kr
Bærekraftige liv SA	75.000 kr
Sum	250.000 kr

1.3. Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak

Midla til lokale miljø- og klimaprosjekt blir lyste ut og tildelte administrativt. Desse midla rettar seg mot lag og foreiningar, kommunar, bedrifter eller andre som i fellesskap ønskjer å medverke lokalt til ei miljøvenleg utvikling som fremjar berekraft. Opp gjennom åra har prosjekta variert frå å leggje til rette stigar i naturen eller vassdragsrestaurering til Berekraftig liv på Landås eller klimaprogram på Bergen Filmfestival. I 2015 var det sett av 461 000 kr til tilskotsordninga, og det vart gjeve løyvingar på 514.700 kr. Følgjande søknadar kom inn:

Organisasjon	Namn på prosjekt	Resultat
Hardangerakademiet	demohage	33.000 kr
Jondal skule (i samarbeid med H.ak.)	skulehagen	25.000 kr
Osterøy kommune	Klimakompetanse	avslag
Osterøy kommune	Bakgrunnsrapport - flom og overvannshåndtering i Lonevåg sentrum	avslag
Os Seilforening	Miljøtiltak i Os Seilforening	avslag
Inge Fornes	Kong Åker	25.000 kr
Naturvernforbundet Hordaland	Naturglede i Hordaland	avslag
Naturvernforbundet Kvinnherad	Skogskurs Varaldsøy	14.000 kr
Naturvernforbundet Nordhordaland	Rydd ein holme	10.000 kr
Mjåteveitlevens forening	Mjåteveitelen	30.000 kr
Grønn framtid i Åsane		25.000 kr
Hardangerfjordseminaret	Hardangerfjordseminaret UNG	70.000 kr
Hardangerakademiet	Helgeseminar	20.000 kr
Bærekraftige liv på Landås	Mosaikktrappene	avslag

Framtiden i våre hender		55.000 kr
Bergen		
Hordaland NU		26.000 kr
Voss kommune	Sykkelprosjekt 2015	30.000 kr
Impact Hub Bergen	Cyclehack Bergen 2015	avslag
BIFF	Klimafestivalen 2015	50.000 kr
Bærekraftige liv SA	Studiereise til Transition Towns	25.000 kr
Klimavalalliansen	Klimaval 2015	avslag
Besteforeldrenes klimaaksjon	Kommunevalg og klima 2015	avslag
Hordaland NU	Miljøturne i Hordaland	20.000 kr
FN-sambandet vest	LA21 i vest 2015	avslag
Fjell kommune	Hurtigladestasjon på Straume	avslag
Fjell kommune	Prøvekjøre el-sykkel	avslag
Norsk klimastiftelse	Klimaval 2015	avslag
Fjell kommune	Fjell kommune syklar	20.000 kr
Bergens Seilforening	Sedementeringsanlegg Bergens Seilforening	avslag
Natur og Ungdom	Miljøbyen 2014	1.700 kr
Natur og Ungdom	Miljøbyen 2015	5.000 kr
KHiB	Trebyen	30.000 kr
Sum		514.700 kr